

# RETNINGSLINER DRIFTSTILSKOT IDRETT, KULTUR (ålmenne lag), KORPS

1. **For å vere berettiga for driftstilskot etter søknad må alle lag og organisasjonar vere registrert med eit organisasjonsnummer.**
2. Øygarden kommune har driftstilskot for lag og organisasjonar som har si hovudadresse og som driv aktiv verksemd i kommunen. Desse retningslinjer gjeld **driftstilskot**  
Desse generelle retningslinjene er gjeldande for følgjande **idrett, kultur (ålmenne lag) og korps**
3. Lag og organisasjonar som driv interkommunal verksemd må oppgje medlemstal for dei som kjem frå Øygarden. Interkommunale lag får ein fast sum tilskot som Utval for levekår vedtek.
4. Unnateke driftstilskot er:
  - personar, lag og organisasjonar som primært tek seg av yrkesinteressene eller økonomisk interesse til medlemane.
  - tiltak som berre har til føremål å skaffe inntekt
5. Driftstilskot er basert på medlemstal  
**NB: Lag og organisasjonar skal som vedlegg sende medlemslister som skil mellom unge 0-20 år og vaksne 20+.**  
  
Evt støtte-medlemskap vert ikkje lagt som grunnlag for tilskot.  
  
økonomi/rekneskap – basert på innlevert revidert rekneskap.
6. Alle former for kulturarbeid vert sett på som likeverdige.
7. Lag og organisasjonar må i prinsippet vere opne for alle.  
Dei må ha eit demokratisk vald styre og ha betalande medlemmar.
8. Søkjar(ane) må vere nøye med å gje rettvisе svar på dei opplysningane Utval for Levekår ber om.  
Kulturkontoret kan be om utfyllande informasjon om dei er i tvil med grunnlaget for søknaden.
9. **Alle søkjarar skal levere rekneskap for føregåande år.**
10. **Alle søkjarar skal levere årsmelding frå sist årsmøte.**
11. Det vert stilt krav om at lag og organisasjonar som får driftstilskot er registrert som brukarar av Øygarden kommune sin database for registrering av lag og organisasjonar på kommunen si heimesida. samt at lag og organisasjonar har ansvar for at arrangement vert meldt inn fortløpande til servicetorget i kommunen.
12. Det er ønskeleg at lag og organisasjonar har ein paragraf eller liknande i sine vedtekter seier noko om forvaltning av aktiva/passiva ved ei eventuell avvikling av laget som organisasjonar.
13. **Søknadsfrist: 8.mai**

## Idrettslag

Alle organisasjonar som er medlem i Øygarden Idrettsråd får eit grunnbeløp som er sett til kr 4000,- i tillegg til ein sum pr medlem. Summen av tilskotet vert utrekna ut i frå tal på medlemmar som er innrapportert til Hordaland Idrettskrets (HIK). Medlemar under 20 år vert vekta med 80%, og medlemmar over 20 år vert vekta med 20%. Dei organisasjonane som ikkje er medlem i Idrettsrådet får berre grunnbeløpet, og tal på medlemmar vert ikkje vektlagt. Som paraplyorganisasjon får Øygarden Idrettsråd eit grunnbeløp som er sett til kr 10.000,-. Desse midlane vert tildelt frå den totale potten som er sett av til idrettslag.

**Total sum til fordeling er kr 186.000,-**

# RETNINGSLINER DRIFTSTILSKOT IDRETT, KULTUR (åilmenne lag), KORPS

## Korps

Korps i Øygarden får eit grunnbeløp basert på medlemstal:

- Inntil 10 medlemmar: grunnbeløp på kr 2.000,-
- Inntil 20 medlemmar: grunnbeløp på kr 4.000,-
- Inntil 40 medlemmar: grunnbeløp på kr 6.000,-
- Over 40 medlemmar: grunnbeløp på kr 8.000,-

I tillegg til grunnbeløpet får korps kr 50,- per medlem under 20 år, og kr 25,- per medlem over 20 år.

**Total sum til fordeling er kr 20.000,-**

## Allmenn kultur

Kulturlag i Øygarden får eit grunnbeløp basert på medlemstal:

- Inntil 10 medlemmar: grunnbeløp på kr 2.000,-
- Inntil 20 medlemmar: grunnbeløp på kr 4.000,-
- Inntil 40 medlemmar: grunnbeløp på kr 6.000,-
- Over 40 medlemmar: grunnbeløp på kr 8.000,-

I tillegg til grunnbeløpet får kulturlag kr 50,- per medlem under 20 år, og kr 25,- per medlem over 20 år.

## Barne- og ungdomslag,

Dette er ein samlekategori for ulike lag og organisasjonar som i hovudsak driv arbeid og aktivitetar for barn og ungdom i kommunen. Desse laga får kr 4000,- i tilskot til drift.

## Forsamlingshus

Eigar/driftar av forsamlingshus får kr 2500,- i tilskot til drift. Dette under føresetnad at det føreligg offentleg godkjenning for bruken av bygget.

## Ymse

Dette er ein samlekategori for ulike lag med aktivitetar for vaksne, som ikkje passar inn under dei tidlegare nemnte kategoriane. Desse laga får kr 2500,- i tilskot til drift.

**Total sum til fordeling er 30 000,-**